

## Barne- og ungdomslitteratur i Norge 2005 Statistikk

Statistikken over bokutgivingar for barn og unge er utarbeidd av biblioteket ved Norsk barnebokinstitutt. Biblioteket har òg sett opp eit oversyn i tal over innkjøpsordningane for ny norsk skjønnlitteratur og faglitteratur for barn og unge.

Statistikken dekkjer 2005. (Då redaksjonen avslutta arbeidet, var tala for 2006 ikkje fullstendige nok til å danne grunnlag for ein årsstatistikk.) Kolonnane for 1990, 2003 og 2004 gir perspektiv til tala frå 2005. I tidlegare årbøker vil ein kunne finne statistikkar for åra f.o.m. 1996.

Bakgrunns materialet for statistikken er i hovudsak NBIs eiga boksamling (bibliotek katalogen er tilgjengeleg på [www.barnebokinstituttet.no](http://www.barnebokinstituttet.no)). I tillegg er det nytta ei utskrift frå Nasjonalbibliografien og ulike forlagskatalogar i tilfelle der NBI kjenner til utgivingane, men ikkje hadde dei med i samlinga si pr. 1.12. 2006.

Utgivingsstatistikken viser talet på bøker for barn og ungdom på norsk og samisk utgitte i Norge eller av utanlandske forlag på norsk. Statistikken omfattar nye utgåver av tidlegare utgivingar, men ikkje reine opptrykk. Fagbøker for barn inkluderer ikkje skolebøker.

NBIs statistikk omfattar utgivingar som ikkje er tilgjengelege via bokhandlar, til dømes bokklubbutgivingar (m.a. Go'boken, TL-klubben og Penny-klubben) og utgivingar frå dei religiøse forlaga som ikkje blir distribuerte gjennom det ordinære bokhandlarnettet. Desse bokklubbane og somme av dei religiøse forlaga har ein stor andel omsetjingar mellom utgivingane sine. Av den

grunnen vil NBIs statistikk kunne vise høgare tal for omsetjingar, særskilt frå engelsk språkområde, enn det andre statistikkar gjer.


NBIs statistikk over barne- og ungdomsbokutgivingar i Norge skil seg frå Bransjestatistikken til Den norske Forleggerforeningen, som berre omfattar utgivingar frå medlemsforlaga.

Barne- og ungdomslitteratur fordelt etter sjangrar  
1990, 2003, 2004 og 2005

SJANGER/ÅR	1990	2003	2004	2005
Antologiar	6	15	7	5
Biletbøker	185	145	204	190
Dramatikk	1	0	1	1
Eventyr	11	4	8	19
Fagbøker	102	153	179	186
Lyrikk	3	4	6	5
Romanar	311	372	361	503
Songbøker	2	3	4	6
Sp. brukargr.*	3	0	0	0
Totalt	624	696	770	915

Samisk litteratur	6	7	7	20
Fleirspråklege bøker				16

\* Bøker for spesielle brukargrupper: «følebøker», bøker med blindeskrift og teiknspråk



Norsk og omsett litteratur 2004  
– fordelt på nye og tidlegare utgitte tekstar

SJANGER	NORSK		OMSETT		TOTALT
	Nytt	Tidl. utgitt	Nytt	Tidl. utgitt	
Antologiar	3		1	3	7
Biletbøker	91	3	97	13	204
Dramatikk	1				1
Eventyr				8	8
Fagbøker	65	6	104	4	179
Lyrikk	3	1	1	1	6
Romanar	118	29	164	50	361
Songbøker	4				4
Sp. brukargr.					0
Totalt	285	39	367	79	770

Norsk og omsett litteratur 2005  
– fordelt på nye og tidlegare utgitte tekstar

SJANGER	NORSK		OMSETT		TOTALT
	Nytt	Tidl. utgitt	Nytt	Tidl. utgitt	
Antologiar	5				5
Biletbøker	55	11	106	18	190
Dramatikk	1				1
Eventyr			1	18	19
Fagbøker	65	8	108	5	186
Lyrikk	3	2			5
Romanar	135	75	206	87	503
Songbøker	4	2			6
Sp. brukargr.					0
Totalt	268	98	421	128	915

For statistikk 1990, sjå *Årboka Litteratur for barn og unge 1998*  
For statistikk 1996–2003, sjå tidlegare årbøker

Omsetjingar fordelt på originalspråk 2004

	Dansk	Engelsk	Finsk	Fransk	Italiensk	Japansk	Nederlandsk	Samisk	Slovensk	Spansk	Svensk	Tysk	Flerspråkleg
Antologiar		1											3
Biletbøker	2	56	1	7	1	11	5		1		22	4	
Dramatikk													
Eventyr	8												
Fagbøker	4	81		6							17		
Lyrikk		1				1							
Romanar	9	128		7				1		2	48	19	
Songbøker													
Sp. brukargr.													
Totalt	23	267	1	20	1	12	5	1	1	2	87	23	3

For statistikk 1990, sjå *Årboka Litteratur for barn og unge 1998*  
For statistikk 1996–2003, sjå tidlegare årbøker

Omsetjingar fordelt på originalspråk 2005

	Dansk	Engelsk	Finsk	Fransk	Færøysk	Inuittisk	Islandsk	Italiensk	Nederlandsk	Persisk	Samisk	Spansk	Svensk	Tysk	Flerspråkleg
Antologiar															
Biletbøker	5	78	2	2		1			1				25	10	
Dramatikk															
Eventyr	15	1													3
Fagbøker	2	77		11									22	1	
Lyrikk															
Romanar	21	178		8	1		1	5		1	1	1	51	25	
Songbøker															
Sp. brukargr.															
Totalt	43	334	2	21	1	1	1	5	1	1	1	1	98	36	3

### Faglitteratur for barn og unge fordelt etter emne

	1990	2003	2004	2005
<b>Generelle skrifter</b>	1	2	4	8
Filosofi	2	4	5	10
Religion	21	28	24	27
Samfunnskunnskap, -orientering	7	10	7	15
Språk	1	4	2	7
Naturvitskap, Økologi	33	32	46	36
Praktisk vitskap, Oppfinningar	13	20	26	31
Kunst (inkl. hobbybøker)	17	22	32	20
Litteratur	0	1	1	0
Geografi og historie	7	30	32	32
<b>Totalt</b>	<b>102</b>	<b>153</b>	<b>179</b>	<b>186</b>

Det totale utgivingstalet for 2005 er høgare enn for 2004 (915 i 2005 mot 770 i 2004).

Auken finn vi først og fremst i antalet bøker som er gitt ut på nytt, både norske og omsette. I 2005 var heile 98 norske bøker gjenutgivingar. Dette talet har til samanlikning lege på rundt 35 dei siste åra.

Mens det totale antalet biletbøker og fagbøker ligg på same nivå i 2005 som i 2004, ser vi ein ganske stor auke i det som i statistikken blir kalla romanar, det vil seie den skjønnlitterære prosaen som ikkje er biletbøker (503 titlar i 2005 mot 361 i 2004). 36 % av dei norske romanane frå 2005 har vore gitt ut før (mot 20 % i 2004). Bak tala finn vi mellom anna satsinga på såkalla nybegynnarbøker, der òg eldre titlar kjem med i nye seriar. Fleire bøker enn før ligg no i eit grenseland mellom biletbøker og romanar, ved at til dømes bøker som før har vore gitt ut som biletbøker, er blitt passa inn i eit anna format.

Oversynet over norsk og omsett litteratur er delt opp i nye og tidlegare utgitte tekstar. Nye opplag er ikkje med i statistikken, så «tidlegare utgitte tekstar» vil seie nye *utgåver* av tekstar som er gitt ut før. Denne inndeling gir ei oversikt over kva type tekstar som kjem i fleire utgåver. I 2005 ser vi til dømes at i tillegg til eventyra, romanane og biletbøkene kom òg ein del fagbøker ut på nytt. Den prosentvise fordelinga mellom nye og tidlegare utgitte bøker har

likevel halde seg ganske jamn dei siste åra: I 2005 utgjorde nye bøker 75 % av det totale antalet utgivingar, mot 85 % i 2004 og 72 % i 2003.

### Innkjøpsordningane for ny norsk skjønnlitteratur og faglitteratur for barn og unge

Norsk kulturfond blei oppretta i 1965 for å støtte ny norsk skjønnlitteratur gjennom ei eiga innkjøpsordning. For barne- og ungdomslitteraturen inneber ordninga at Norsk kulturråd kvart år kjøper inn bøker i 1550 eksemplar som blir sende ut til folke- og skolebiblioteka. Faglitteratur var opphavleg ikkje med i innkjøpsordninga, men etter eit treårig prøveprosjekt (1996–1998) blei ordninga gjort permanent også for norsk faglitteratur for barn.

Skjønnlitteratur	1990	2003	2004	2005
<b>Andre utgivingar*</b>	<b>194</b>	<b>167</b>	<b>220</b>	<b>203</b>
Påmelde	119	119	131	149
<b>Innkjøpte</b>	<b>97</b>	<b>111</b>	<b>114</b>	<b>129</b>

Faglitteratur	1990	2003	2004	2005
<b>Andre utgivingar*</b>	<b>21</b>	<b>59</b>	<b>65</b>	<b>65</b>
Påmelde		34	45	45
<b>Innkjøpte</b>		<b>19</b>	<b>22</b>	<b>20</b>

Kjelder for innkjøpsordninga: Norsk kulturråd

\* Dette er tal frå Norsk barnebokinstitutt statistikk. For 1990 er det teke med nye utgåver (men ikkje nye opplag) av tidlegare utgitte bøker. Frå og med 2000 er tidlegare utgitte tekstar ikkje inkluderte.